



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 Bergen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/891 - 18/15961

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
16.05.2018

Oversender søknad om dispensasjon frå byggeforbodet langs sjø til uttalelse - gbnr 214/21 Fyllingsnes

Tiltak: utviding av eksisterande brygge
Byggjestad: Gbnr: 214/21 Fyllingsnesvegen 171
Tiltakshavar: Inger E Sandquist
Ansvarleg søkjar: Inger E Sandquist

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8 byggeforbodet langs sjø for utviding av eksisterande brygge på eigedom gbnr. 214/21.

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det er ikkje komt merknader til varsla tiltak.

Omsøkt tiltak er ei utviding av eksisterande brygge innover på land, samla bygd areal (BYA) for brygge etter gjennomført tiltak er opplyst til 45 m², eksisterande brygge er på om lag 22 m². Tiltaket vil ikkje vere synleg frå sjøsidea.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som fritidsbustad.

Kommuneplanen har eigne reglar knytt til mindre tiltak på bygd eigedom gjeve i føresegna § 2.21.

2.21 Det kan utan reguleringsplan gjevast løyve til mindre tiltak etter pbl § 20-2 bokstav a på eksisterande fritidseigedomar når samla utbygging er innanfor dei grensene som er fastsett nedanfor. Bygd areal (BYA) skal ikkje overstige 20 %. Samla bruksareal (BRA) for bustad, garasje og uthus skal ikkje overstige 120 m². Dersom parkeringa skjer inne på tomten, skal parkeringsareal ikkje reknast med i BRA, men inngår likevel i BYA. Maksimal gesimshøgde er 6,0 m. Maksimal monehøgde er 9,0 m. Høgdena vert målt frå planert terreng. Det vert opna for tilleggsareal opptil 200 m² etter pbl § 20-1 bokstav m) utan krav om reguleringsplan, dersom dette ikkje er til hinder for framtidig regulering og tomtene ikkje overstig 1,5 dekar. Heimel: Pbl § 11-10 nr. 1.

Det er ikkje gjeve byggegrense langs sjø for det aktuelle området, og tiltaket krev at det vert søkt om dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8 byggeforbodet langs sjø.



Før kommunen handsamar søknaden vert saka sendt til regionale og lokale planstyresmynde for uttale. Kommunen si førebelse vurderinga av søknaden er positiv, men vår handsaming av søknaden vil i stor grad avhenge av dykkar uttale i saka.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om løyve til tiltak - gbnr 214/21 Fyllingsnes

Søknad om dispensasjon

Teikningar og fotos

Situasjonskart

kartutsnitt KPA gbnr 214_21

kartutsnitt orthofoto 2015 gbnr 214_21

Kopi til:

Inger Eikefet Sandquist

Myrdalskogen 274 5117

ULSET

Inger Eikefet Sandquist

Myrdalskogen 274 5117

ULSET

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310 5020

Bergen

Planavdelinga